



**Møtebok**  
**IS Fjordvegen Rute 13**  
**Styremøte 22.09.2015**  
**Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus**  
**Klokka 09.00 – 12.00**

**Møtte:** Marta Finden Halset, Torkel Myklebust, Bjørn Laugaland, Einar Horvei, John Opdal, Anders Ryssdal, varamedlem Edmund H Utne.

**Forfall:** Sigbjørn Hauge, Per Kåre Foss,

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

**Sak 17/15**

Kort presentasjon av ny Dagleg leiar og av styremedlemmene.

**Meldingar:**

Melding 1 Nøkkelopplysningar frå Brønnøysundregisteret.

Melding 2 Melding om vedtak frå Odda kommune gjeldande støtte til prosjektet :  
Vegutbetring for Rv 13 i Brattlandsdalen, av 25.6.2015.

Melding 3 Brev om Høyring Regional transportplan Hordaland 2018-2029 frå Hordaland fylkeskommune, av 28.8.2015.

Melding 4 Svar på invitasjon om medlemskap i IS Fjordvegen Rute 13 frå Stavanger kommune, av 8.9.2015.

**Vedtak:**

Meldingane vart tekne til orientering.

**Sak 18/15 Møteplan for styreåret 2015-2016. Forslag vert lagt fram i møtet.**

**Vedtak:**

Møteplan 2015 - 2016:

Desember 2015	Styremøte Mogeleg styremøte 27.11. i samband med opning av Sandsfjord bru.
Januar 2016	Styremøte
Mai 2016	Årskonferanse og styremøte
September	Styremøte
Desember 2016	Styremøte

MRK Sekretariatet forsøker å tilpassa møtedatoar til dagar som passar for fylkesordførarar. Styret ønskjer å invitere alle 3 fylkesordførarar og evt. leiarar i samferdsleutvala til styremøter i 2016. Sekretariatet arbeider vidare med å invitere desse til eigne møter eller fellesmøte.

Forslag til møtedatoar vert sendt ut til styremedlemmene etter at ein har motteke møteplanar for fylkeskommunane og aktuelle kommunar.



**Sak 19/15    Årskonferanse og årsmøte 2016. Planlegging**

**Vedtak:**

Årskonferanse IS Fjordvegen Rute 13

**Stad:** Hotel Ullensvang, Hardanger

**Dato:** 20. – 21. april 2016 er første prioritet. Andre veker i april var drøfta som alternativ pga mogelege kollisjonar med fylkestingmøter o.a

**Tema:** Programkomite arbeider vidare med tema for konferansen. Leiar av nasjonal rassikringsgruppe, Åshild Kjeldsnes vert kontakta av programkomite. Evt. Tema frå NTP frå fagetatane.

Styremedlemmene vert oppfordra til å senda forslag til tema til Hanne.

Invitera regionvegsejefar og fylkesordførarar til tema som kan vera felles.

Evt. Leiar i Samf.komiteen Linda Hofstad vert invitert til konferansen.

**Sak 20/15    Planprogram Regional transportplan Hordaland Orientering**

Drøfting om I/S Fjordvegen skal senda høyringsuttale.

**Vedtak:**

Dagleg leiar utformar forslag til høyringsuttale som vert sendt styremedlemmene for uttale.

Høyringsfrist til Hordaland fylkeskommune er 16. oktober

**Sak 21/15    Prosjekt Brattlandsdalen – Status**

**Vedtak:**

Dagleg leiar tar kontakt med Haukelivegen AS og Ryfylke IKS for avtale om snarleg oppstartsmøte i prosjektet.

**Sak 22/15    Status Profileringsarbeid – Orientering v/ Hanne Sundbø**

**Vedtak:**

Styret tar orienteringa til etterretning.

**Sak 23/15    Status Påverknadsarbeid – Orientering v/ Hanne Sundbø**

**Vedtak:**

Styret tar orienteringa til etterretning.

**Sak 24/15    Fast post: Gjennomgang av status for Rute 13.**

Vik – Vangsnes: Forventar midlar i budsjettet som kjem no, slik at det vert oppstart etter planen.

Vikafjelltunnel: Ingen nye meldingar

Røssliane: Reguleringsarbeid pågår.

Odda – Tyssedal: Odda kommunestyre: Slutthandsaming av reguleringsplan 23.09.

Kommunedelplan Oddadalen: Odda kommunestyre 23.09.

Brattlandsdalen: Mindre tiltak, rassikring.

Voss: Bjørgum: Tiltak ferdig

Ryfast: Arbeid pågår.

Deildo: Oppstart mot slutten av 2015.

Kyrkjeneset og Bjotveit: Trafikkutfordringar med sommartrafikk. Regulering med trafikkllys er ønskjeleg.

**Vedtak:**

Styret tar orienteringa til etterretning.

Jostein Eitrheim

sekretær